



Vår dato:

31.05.2023

Vår ref:

2023/377

Dykkar dato:

Dykkar ref:

23SD7F1D

BJARTE VAKTSKJOLD
Vagstaule 50
5938 SÆBØVÅGEN
Att. Bjarte Vaktskjold

Saksbehandlar, innvalstelefon
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Tilsegn med forskotsutbetaling av tilskot til tiltak for truga naturtypar - Tilrettelegging for heilårsdrift Villsau på llynghæiane i Rongevær - Austrheim kommune - 2023

Bjarte Vaktskjold får tilsegn om 50.000 kroner til skjøtsel av kystlynghei på Rongevær og øyane vest for Rongevær. Tilskotet vert betalt ut på grunnlag av motteken rapport. Det er knyttt vilkår til tilskotet.

Innleiing

Vi viser til søknad om 161.000 kr for dekking av utgifter (328.000 kr totalt) du har hatt for å legge til rette for drift av kystlyngheiene i Rongevær. Dette gjeld utgifter til følgjande:

- Istandsetting av eit gammalt smalehus og anna innretting for ly
- Etablering av sankegjerde og andre gjerde på fleire lokalitetar
- Ombygging av båt og medlemskap i Rongevær båtlag

Regelverk

Ordninga med tilskot til truga naturtypar er heimla i forskrift om tilskot til trua naturtypar. Føremålet med ordninga er å bidra til å ta vare på trua naturtypar slik dette er definert i Norsk raudliste for naturtypar, jf. forskrifta § 1. Grunneigarar, privatpersonar, frivillige organisasjonar, kommunar, verksemder og institusjonar kan mellom anna få tilskot til:

- skjøtsel og vedlikehald
- tilpassa bruk på areal som inngår i drifta av landbruksforetak
- gjerding
- kartlegging og overvaking i tilknyting til tiltak.

Søknader om tilskot til tiltak for dei utvalde naturtypane og dei trua naturtypane som er høgst prioriterte (gruppe 1) i oppfølgingsplanen for trua natur, skal ifølge retningsliner frå Miljødirektoratet prioriterast. Det same gjeld tiltak der kunnskapsgrunnlaget er godt.

Når forvaltninga tildeler tilskot gjeld prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningsliner ved avgjerala. Vurderinga av miljørettsprinsippa skal kome fram i grungjevinga.



Vår vurdering

Statsforvaltaren har motteke søknadar om tilskot til tiltak for trua naturtypar med samla søknadssum langt større enn midlane vi har til rådvelde. Vi har difor vore nøydde til å prioritere.

Dei aktuelle tiltaka har alle vore viktige for å komme i gang med drift av kystlyngheiene, men vi har likevel ikkje midlar til å gje full støtte til alle desse no i år. Ut frå ei skjønnsmessig vurdering av tiltaka, sett opp mot det vi har tilgjengeleg av midlar, gjev Statsforvaltaren med dette tilsegn om 50.000 kr i tilskot til tiltaka no i år. Sidan dette er mindre enn det du har søkt om må du sjølv prioritere korleis midlane best skal nyttast.

Kristine Ekelund er i gang med å utarbeide skjøtselsplan for området, og alle dei aktuelle areala er no kartlagde, og vil snart vere på plass i Naturbase. Når det gjeld skjøtsel av kystlyngheiene vil du dermed ha rett på RMP-tilskot for beiting og brenning av areala og vi oppfordrar til at du søker om dette no i haust, om du er i gang med skjøtsel. Sjå her for meir informasjon om desse ordningane: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/skjult-side---landbruk/oversikt-over-regionale-miljotilskot-i-vestland/>

Vår vurdering er at tiltaka bidreg til å ta vare på ein truga naturtype og berre vil ha positive verknader for naturmangfaldet. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova § 8 -12 treng difor ikkje nærmare kommentar.

Avgjerd

Du får tilskot til deler av dei tiltaka du har søkt om. Sidan tiltaka alt er gjennomført ser vi det som praktisk for begge partar at tilskotet vert betalt ut med éin gong. Vi ber om at du gjer ei vurdering av kva midlane er brukt til i årsrapport som skal leverast i elektronisk søknadssenter innan 1. oktober inneverande år.

Tilskotet på kr 50.000 vert utbetalt til kontonummer 3632.63.85225 med det første.

Standardvilkår

- Sluttrapport skal leggjast inn i elektronisk søknadssenter innan 1. oktober inneverande år.
- Dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal ta vare på bilag i minst fem år etter avslutting av rekneskapsåret.
- Riksrevisjonen og Statsforvaltaren har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert nytta i samsvar med føresetnadane.
- Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje er gjennomført etter føresetnadene i søknaden.

Klage

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Du har rett til å gjøre deg kjend med dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og 19.



Med helsing

Johannes Anonby
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Austrheim kommune

Kommunehuset

5943

AUSTRHEIM